



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellestrådssaker

Møtedato: 06.10.2016
Møtetid: kl. 20:00
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Brigit Roar Skeie, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Til sak 15 møtte Arnt Brakstad.

Meldt forfall:

Andreas Westermoen. Vi fekk ikkje inn varafolk.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 25.08.16 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000054 Orientering om planlagte vedtektsendringar

Det er trong for ei revisjon av vedtektene for gravplassen: m.a om maksimum festetid, festeperiode, aldersgrense for festing av dobbelgrav og frigravsperiode ved gjenbruk av grav. Kyrkjeverja orienterer i møtet. Vedtektene for Meland kyrkjegard finn du på www.melandkyrkja.no under "Gravferd"

Sak 000055 Orientering om aktivitetstal 2015

Utsett.

Sak 000056 Første møte om fellestrådssamanslåing 29.09.16

Det vart orientert frå møtet

Sak 015/16 Endring av trykk og distribusjon - jubileumskrift til kyrkjejubileet

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Arnt Brakstad var tilstade og orienterte om bokprosjektet, årsaka til forseinking, innhald. Det vart drøfta eit mogleg budsjett for begge distribusjonsløyser.

Vedtak:

Soknerådet går inn for fulldistribusjon og eit opplag på 4000 eksemplar for jubileumsboka. Samrøystes vedtak.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Sak 016/16 Opprusting og bandlegging av gravfelt

Forslag til vedtak:

1. Det vert godkjent at anleggsarbeid på gravfelt A på Meland kyrkjegard vert sett i gang for å gje feltet ei opprusting og tilrettelegging for nye gravleggingar. Felt A blir bandlagt for gravlegging frå og med oktober 2016 til anleggsperioden er over.
2. Grunna framtidig omregulering vert desse områda på Meland kyrkjegard bandlagt for ny gravlegging av kiste: Felt B rekke 11-15 og felt F rekke 1-18 .

Møtebehandling:

Vedtak:

1. Det vert godkjent at anleggsarbeid på gravfelt A på Meland kyrkjegard vert sett i gang for å gje feltet ei opprusting og tilrettelegging for nye gravleggingar. Felt A blir bandlagt for gravlegging frå og med oktober 2016 til anleggsperioden er over.
2. Grunna framtidig omregulering vert desse områda på Meland kyrkjegard bandlagt for ny gravlegging av kiste: Felt B rekke 11-15 og felt F rekke 1-18 .

Samrøysta vedtak.

Sak 017/16 Søknad om gravminne

Forslag til vedtak:

Grava med gravidentitet S1-1.5 er oppsett utan førehandsgodkjenning. Pårørande ber likevel om å få gravminnet godkjent. Soknerådet gjer eit unntak frå § 23 og 25 om dimensjonar og sikring, men presiserar at eigaren må vere medviten ansvaret sitt for gravminnet § 26 og at gravplassforvaltinga ikkje kan ta ansvar for skadar på gravminnet ved vanleg drift og vedlikehald, og heller ikkje ved ny gravlegging. Dei fastmonterte lyktene, som ikkje kan seiast å vere «bestandige og lite vedlikeholdskrevende» bør skiftast ut med meir haldbare lykter, evt fjernast og erstattast med lause lykter. Festar bør også gjere ei vurdering om gravminnet sine materialar vil tole påverknad frå ver og vind og om det vil bli nødvendig å skifte ut heile eller delar av gravminnet innan få år.

Møtebehandling:

Vedtak:

Grava med gravidentitet S1-1.5 er oppsett utan førehandsgodkjenning. Pårørande ber likevel om å få gravminnet godkjent. Soknerådet gjer eit unntak frå Gravferdsforskrifta § 23 og 25 om dimensjonar og sikring, men presiserar at eigaren må vere medviten ansvaret sitt for gravminnet § 26 og at gravplassforvaltinga ikkje kan ta ansvar for skadar på gravminnet ved vanleg drift og vedlikehald, og heller



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

ikkje ved ny gravlegging. Dei fastmonterte lyktene, som ikkje kan seiast å vere «bestandige og lite vedlikeholdskrevende» bør skiftast ut med meir haldbare lykter, evt fjernast og erstattast med lause lykter. Festar bør også gjere ei vurdering om gravminnet sine materialar vil tole påverknad frå ver og vind og om det vil bli nødvendig å skifte ut heile eller delar av gravminnet innan få år.

Samrøysta vedtak.

Sak 018/16 Rekneskapsrapport 2. tertial jan-aug 2016

Forslag til vedtak:

Rekneskapsrapporten vert teke til orientering.

Møtebehandling:

Vedtak:

Rekneskapsrapporten vert teke til orientering. Offeret på jubileumsgudstenesta 25.09.16 skal øyremerkast pianofondet.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje